

Aktivitetsplan 2007 - 2008

Dato	Arrangement	Komite
16. - 18. nov	Øvingshelg:	Idar/ styret
2. des	Julegrantenning	Styret
16. des	Julekonsert	Styret
28. des	Juletefest	Tove/Reidunn/Ingunn
5. januar	Nyttårskonsert	Idar/Styret/Horn/Tromb./Baryton
18.- 20. januar	Øvingshelg NM	Eirik/ styret
1.- 3. februar	Øvingshelg NM	Eirik/ styret
7.- 10 februar	NM brass i Bergen	Eirik/ styret
18.- 20. april	Øvingshelg	Styret
19. april	Park-konsert Måløy	Styret
6.-8. juni	TPM helg	Styret/ komite
Vår/haust 2009	Langtur utenlands	Styret/ komite

Har du gamle instrument liggande?

Har du gamle instrument eller korpseffektar liggande, så ta kontakt med Harald Oppedal. Han jobbar med eit prosjekt der han skal ta vare på og få vist fram litt av historia. rbeidet er rundt gamle Gravdal skule. Har du tips eller noko du kan bidra med, så ring 47026345. Hugs at alt kan vere av interesse.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

1. En som snakker samisk
5. Hederen
6. Har på fingeren

Loddrett:

1. Spesiell
2. Gift med Märtha
3. Skade
4. Mark

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 10

14. årgang

Laussal: Gratis

november 2007



Laurdag 5. januar blir det reprise på drømkonserten "Ut med havet". Det skjer under den årlege nyttårskonserten i Samfunnshallen første laurdagen i 2008.

- Dette blir ei anna oppleving enn konserten ute, men vi trur dette blir spesielt, seier komponist Idar Torskangerpoll. Han skal sjølv dirigere konserten, og er glad for at alle solistane blir med. I tillegg blir Oddgeir Bruaset med som forteljar. I tillegg til historia "Ut med havet" så blir det litt anna musikk. - Vi skal bruke lys og bilde for å skape ei spesiell stemning, seier Torskangerpoll. Leiar i Torskangerpoll Musikklag, Johan Wåge, seier at det er mange som har spurt om det blir reprise på suksessen i Torskangerpoll. - Vi skal prøve å gje folk ei spesiell oppleving også denne gongen. I tillegg vil publikum få høyre kva vi skal spele på NM i Bergen i februar. Her skal Eirik Gjerdevik dirigere.

www.torskangerpoll.no

Stor gjevarglede



Under den svært så vellukka basaren søndag 28. oktober var det stort oppmøte, og mange som støtta korpset. Og ikkje minst var det mange flotte gevinstar. Her kan du sjå kven som vann på bøkene.

Spekestativ m/kniver: Fam Lade, Hylle m/ramme og knagger: Edmund Johansen, Blomsterdek. og 2 lysestaker: Inger V. Nygård, Trillebåre m/ved: Kristin og Bjarte, Sengesett: Benjamin Færestrand, Koppesett: Hjørdis Færestrand Lastebil m/snop: Eirik Halsen Dukke m/kle: Borgny Oppedal Lyslykt til vegg: Lovise Husevåg, Digital kjøkkenvekt: Anna Sofie Hamnaberg, Verktøysett for barn: Marita Rutledal Sengesett med laken: Hjørdis Færestrand Ishockeyspill: Fam Lade 2 t-lys holdere m/prismer: Fam Svein M. Strømmen Dobbelt sengesett: Karine Smelror Kasserolle: Berny og Hans Våge

Kakefat m/bestikk: Synne og Bendik

Ullpledd: Sigrid Torskangerpoll Elektrisk eggkoker: Imogen Haus Brodert sofapute og løper: Thora Frimannslund 2 håndkler: Fam. Steinar Sægrov 2 sengesett: Karen Våge Strikka kaffiduk: Arvid Halnes Riskoker: Margit og Olav Torheim Enkelt sengesett: Karen Våge Juletrefot: Eldbjørg og Erling Halsen Bilvask : Sigrid Torskangerpoll Pulsvarmere: Guro Rutledal Drill: Oddhild Liaset Juleduk: Sondre og Sølvi Haugen Tur/retur Bergen 1 person: Annelin og Rolf Tur/retur Oslo 1 person: Oddbjørg Færestrand Minicruise Bergen-Hanstholm 2 pers: Solveig og Arne Våge Tur/retur Bergen-Newcastle 2 pers: Andrea Hermine Carlson Minicruise Oslo-Fredrikshavn 4 pers: Kathrine Steenslid Sag: John Inge og Vereja Kasserolle: Per Hjermer Damaskduk+ håndkle: Magna Kvalheim.



I år som i fjor vart det Kåre Våge som vann pilkastkonkurransen. Kåre var suveren, og fekk fullt hus, 30 poeng av 30 mulege. Snakk om å ha full kontroll...



Holvik Skulekorps spelte på Torskangerpoll Musikklag sin basar, og imponerte med tenke på at det er mange nye i korpset i år som

berre har spelt to månader. Her ser vi nokre av kornettane.

1 på gata:

Namn: Nikolas Svoren
- Er du flink å selge lodd?
- Ja.



Formannens hjørne

Musikklaget står no på fram mot NM i Bergen i februar. Det blir målretta satsing på stykket vi skal framføre. Alle i korpset kjem til å ha vore med på ei eller fleire gruppeøvingar for å få dette vanskelege stykket inn i "kroppen". Vi skal og ha fleire øvingshelgar som har vore planlagt med instruktørar som er bestilte for nesten eit år sidan. Det er mange ting som skal klaffe når vi skal vere med på eit så stort meisterskap. Alle reiser nedover torsdag ettermiddag, og konkurransen skal vere laurdag. Vi har avtale med Eirik om øving i Bergen fredag. Men fyrst skal vi no ha unna jula og nyttårshelga med alt som føl med. Stå på. Godt mot må til.

Hesten:



- Hesten er et vegetarisk dyr.
- På hesten ser man kroppen, seletøyet, manen og rytteren.
- De forskjellige hestesortene er: Ridehesten, som løper like fort som Sebraen, Eselet og Moldyret. Og så har vi Gyngehesten.
- Hesten er et svært nyttig dyr, fordi den beskytter våre små venner, småfuglene, som spiser hestepærene.
- Etter sin død gir den oss pølser og lær, som Garvaren må i ilden for å garve.
- Når det er flere hester samlet, seier man spann.